



STOLT BJØRNEJAGER: Ola Kvam med eine bamsen han felte. FOTO: Jaktlaget



HEILE JAKTFYLGE: På tur i Jasper nasjonalpark. Frå venstre Rune Wangensteen, Per Niklas Kvam, Ola Kvam, Arne Igesund, Sveinung Halle og reiseleiar Vegard Eriksen frå Mylla Jakt- og Feriereiser. FOTO: Jaktlaget



VELLYKKA JAKT: Per Niklas Kvam med ein svartbjørn på vei seks fot (1,80 m). FOTO: Jaktlaget



GOD KLATRAR: Ein liten svartbjørn, om lag to og eit halvt år, tekk dei «skote» med fotoapparatet. FOTO: Jaktlaget

# Fem bjørnar på seks dagar

## TRE VANGSGJELDINGAR PÅ BJØRNEJAKT I CANADA

Dei var dyktige, dei tre vangsgutane, som nyleg var over i Canada på bjørnejakt. Utbyttet vart to bjørnar kvar på Per Niklas og Ola Kvam. Ståle Wangensteen nøydde seg med ein.

Reitt nok må det leggast til at bjørnebestanden i British Columbia i Canada er stor – Per Niklas hadde over 70 bjørneobservasjonar på dei seks jaktdagane. Det er svartbjørn det er snakk om. Dei tre jaktglade karane slo til på eit løvlagars opplegg fyrst i juni, og reiste saman med to andre norske jegerar, pluss reiseleiar. Jakteventyret vart i seks dagar. To dagar gjekk med til reisa og fire dagar var avsett til sightseeing.

**Storslegen natur**  
British Columbia er den vestlegas-

te delstaten i Canada, og etter å ha vore underveg i 25-26 timar landa dei på Smithers flyplass ikkje langt frå Stillehavet. Her venta lokale guidear som tok dei rett ut i terrenget ved den kjende innsjøen Babine Lake.

Heile jaktområdet strekte seg over fem tusen kvadratkilometer og var prega av høge fjell og tett skog. Rocky Mountains når heilt opp hit, og det var storslegen natur dei jakta i, sjølv for vangsgjeldingar. Som nemnt var det mykje dyr i området, og utanom svartbjørnane såg Ola Kvam to ulvar og Per Niklas Kvam

ei gaupe. Ein liten grizzlybjørn vart også registrert.

### Snilkjakt

Sidan skogen er telt og nærmast uframkomeleg, går jakta føre seg mest på større hogstflater og langs skogsvegar. På våren går bjørnane ofte i desse områda og beiter gras, og bil blir brukt for å speide etter dyr. Når jegerane får auge på ein bjørn som kan vera eit aktuelt jaktobjekt, ber det ut for å snike seg inn på. Dei må passe på at været står imot, slik at dyra ikkje får tefta av det.


### Kjempetur

Dei tre karane er storleg nøgde med resultatet av turen, og nemner også med glede turen dei hadde

til Jasper nasjonalpark i nabostaten Alberta. Meir enn 2000 hude vart med heim, i tillegg til alle minna. Dette blir nok årets jakttur – sjølv om den lokale eigjakta enno er i vente.

**Nils Rogn**  
redaksjonen@avisa-valdres.no 61364200

Rocky Mountains når heilt opp hit, og det var storslegen natur dei jakta i, sjølv for vangsgjeldingar.



STORSLEGEN NATUR: Turen gjennom Jasper nasjonalpark i Alberta gjorde inntrykk. FOTO: Jaktlaget